

## ÅRSMELDING FOR 2017

### STYRE:

Leiar:	Bjarte Skintveit	på valg
Nest leiar:	Ole Gunnar Rasmussen	
Kasserar:	Børge Skurtveit	
Skriver:	Ingmann Skurtveit Åsebø	på valg
Styremedlem:	Jørgen Olsvoll	på valg
1. vara :	Magnar Askeland	på valg
2. vara :	Atle Dalland	på valg
3. vara :	Atle Håtuft	på valg
4. vara :	Terje Fløysand	på valg
Revisor:	Arne Gunnleiv Haugsvær	på valg
	Jan Olav Bratshaug	på valg

VALGNEMD:  
1.Bjørnar Fløysand  
2.Terje Fløysand  
3.Bjørnar Brakstad

Styret har hatt 2 styremøter utanom årsmøte.

Medlemstallet er 54

Regnskapet vert lagt fram på årsmøte

45 betalende grunneigare

### SAKER GRUNNEIGARLAGET HAR ARBEIDD MED I 2017

#### Anadrom fisk:

Grunneigarlaget ønsker å få sjøørret inn i vassdraget og har utfordra Miljødirektoratet på stengingen av utløpet. Dette er ei sak som laget har arbeidd med i fleire år. Miljødirektoratet ba i april om innspel fra smoltanlegget ang. minstevassføring og tiltak i elva for å kunne få sjøørret inn i vassdraget.

Dei fekk svar eit frå smoltanlegget rett før sommarferien, som dei karakteriserer som "ganske krast/negativt" Smoltanlegget nærast klagar på at saka "stadig dukker opp", og meiner dei har svart på dette i ein tidligare rapport frå 2013. Miljødirektoratet velger så å trekka seg frå saka.

Det verkar som det vert vanskeleg å gjenåpna vassdraget for anadrom fisk. Salar AS er for mektige. Miljødirektoratet vil ikkje gå i mot dei, men foreslår at vi prøver å få NVE til å sjå på saka igjen. Norsk lov sier at det ikkje er lov å stenge for fiskens frie ferdsel i et vassdrag, men det synest som at ingen offentlege organ tenker å gjere noko med det.

Vi i styret bestemte oss for å legga saka på vent inntil vidare.

**Overløpsterskel ved nedre Sjevlo:**

Ingenting nytt.

**Konkuranserobåter/padling:**

Atle Bergseth har kontakta grunneigarlaget ang. å få mulighet til å starte robane, naust og parkering v/ Rossland skule og Rylandsvatnet. Dette vart diskutert på årsmøte i 2017. Det kom innspill på at dette må diskuteras med grunneigarane. Er dette den rette plassen for å bygge et slikt anlegg?

**Tynningsfiske:**

Arnt Brakstad har utført tynningsfiske i Storavatnet og har informert grunneigarlaget om at han ønsker å selga noko av fisken han fangar. Styret har ikkje innvendingar mot dette. Arnt har i 2017 fått opp nærmere 4000stk/566 kg røye på 261 garndøgn.

Bjørn Inge Tornes har utført tynningsfiske i Rylandsvatnet. Grunneigarlaget har etter søknad fått dispensasjon til å bruke motor til dette. Bjørn Inge har fått opp 50stk/15 kg røye på 21 garndøgn.

Det har tidligare kome varsel om makk i fisken, både ørretmakk og måsemakk. Ein ser no tydelege resultat av tynningsfiske. Det var i 2017 nesten ingen makk i fisken, og K-faktor har auka. Det er ein betydeleg vektøkning på røya siden 2015. Dette betyr ein betre kvalitet som matfisk.